



RIKSANTIKVARENS STAVKIRKEPROGRAM

Lomen stavkyrkje



Flere av de 28 stavkirkene i Norge er i dårlig bygningsmessig stand. Eiere står overfor store vedlikeholdsoppgaver som også omfatter tjærebreing og reparasjoner av spontak. Slike oppgaver stiller spesielle krav både til materialbruk og håndverksutførelse noe som gjør arbeidene kostbare og vanskelig for mange kirkeiere å gjennomføre uten statlige tilskudd. Målsettingen med Riksantikvarens stavkirkeprogram er å sette i stand alle stavkirkene. Stavkirkeprogrammet startet opp i 2001, og skal gå over ti år.

Første gong kyrkja vart nemnd i skriftlege kildar var i 1325. Årringsanalysar har no vist at tømmeret vart hogd 1179. Ho vart bygd større i 1749. Noko av takkonstruksjonen til det fyrste koret stod igjen på loftet etter at kyrkja vart bygd ut. Kyrkja har eit fint alderspreg som vi ynskjer å ta vare på og restaureringa må difor vere varsam.

Restaurering og vøling

Kyrkja ligg i bakkehellinga og ho har opp gjennom åra sige ned. Ho har vorte jekka opp fleire gonger på 1600- og 1800-talet og i 2004 måtte vi igjen til med jekkearbeid i søre langvegg for å stabilisere konstruksjonen. Jord hadde og kome opp langs sidene av grunnstokkar, svillar og nedre deler av stavane under kyrkja. Jorda er nå fjerna under arkeologisk overvaking.

Staupulen frå 1771 hadde fått fleire råteskadar. Vi har skifta og spunska råteskadde stokkar og skifertekkinga er utbetra. Staupulen er bygd i gran, og stavkyrkja er bygd av moden furu.

Arkeologiske funn

Under arbeidet fann vi tekstilar, nåler, trebitar og ringer. Ein av ringane er avklipt og er nok nytta som betalingsmeddel. Ein brakteat- ein mynt som er prega på ei side, vart funnen på austsida av austre grunnstokk i skipet. Dei eldste myntane av denne typen i er frå 1100-talet.

Til saman ble det funnet 71 gjenstandar, og disse er nå levert il Oldsakssamlinga.

Portalane

Kyrkja har tre rikt utskore portalar. To av disse står utsett til for sol og regn og blir øydelagde litt etter litt. Dei får nå betre skydd med eit lite tilbygg for den øystrre portalen og tjærebreing på den andre på våpenhuset.

Dokumentasjonen

Det arkeologiske arbeidet vart dokumentert med tekst, teikning og bilete. Konstruksjonane på loftet vart fotografert av fotograf saman med bygningsforskar og portalane er og detaljfotograferte. Rapportar frå bygningsarbeida er laga av handverkarane. Betre dokumentasjon av portalane står igjen.

Planar

Arbeidet held fram i 2005 med vøling av taket, reparasjon av vindauga og arbeid med kyrkjegardsmuren. Etter at arbeidet er ferdig må Kyrkjeleg fellesråd og kommunen sjå til kyrkja og halde ho i stand.

Organiseringa

Kyrkjeleg fellesråd Vestre Slidre er oppdragsgjevar. Vestre Slidre kommune stiller med koordinator for arbeidet og Riksantikvaren ved *Stavkirkeprogrammet* finansierer arbeidet og er antikvarisk ansvarleg. Arbeidsleiar på byggeplassen kjem frå Telemark og har lang erfaring frå arbeid med mellomalderbygg. Dei andre handverkarane kjem frå Valdres, Etnedal, Nord-Torpa og Nittedal. Norsk institutt for kulturminneforskning gjer det arkeologiske arbeidet og dokumentasjon av kyrkja saman med fotograf.